

Avtalespesialistar Helse Vest

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2020/285Sakshandsamar:
Torleiv BerglandDato:
13.03.2020**Informasjon til avtalespesialistar i samband med koronavirus epidemien**

Regjeringa sette torsdag 12. i verk mars sterke virkemiddel for å stanse spreinga av Covid-19. Tiltaka er sett i verk for å unngå at eldre og andre med alvorlege sjukdomar blir smitta. Det mest spesielle med dette viruset er at det smitter langt raskare enn til dømes vanlege influensavirus. Det er viktig å vite at helsefaren for unge og friske personar er om lag på nivå med vanleg influensa.

Det er ei klar målsetting å oppretthalde naudsynte helse- og omsorgstenester. Tiltaka som blei presentert vil få konsekvensar for alle som arbeider i spesialisthelsetenesta, mellom anna ved at barnehagar og skular er stengde. Det er derfor viktig å merke seg at regjeringa presiserer:

«Ledere av barnehager og rektorer ved barneskoler må derfor sørge for et tilbud til barn av personell i helse- og omsorgstjenesten, transportsektoren eller innen andre kritiske samfunnsfunksjoner.»

Avtalespesialistar er i den kategorien som skal få eit tilbod når det gjeld tilgang til barnehage, SFO og skule.

Helse Vest RHF vil kort peike på nokre få moment av reint fagleg karakter innan smittevern:

- Ha lett tilgjengeleg hand-desinfeksjon på venterom
- Pasientar som har symptom på luftvegssjukdom skal ikkje møte til time
- Pasientar som er i heimekarantene skal heller ikkje møte til time
- Pasientar som har tydelege symptom på øvre luftvegssjukdom bør få utdelt munnbind dersom dei likevel møter opp på venterommet. Vanlege kirurgiske munnbind er tilstrekkeleg, poenget er at det reduserer faren for å smitte andre i vesentleg grad
- Forsøk å organisere drifta slik at det er så få pasientar som mogeleg på venterommet samstundes
- I den grad det er mogleg - erstatt fysisk oppmøte med telefon- eller videokonsultasjon
- Start prosessen med å planlegge for redusert drift eller stenging, dersom det av ulike årsaker kan bli behov for å ta inn pasientar for å avhjelpe sjukehusa, eller at din innsats kan vere naudsynt andre stadar enn i din eigen praksis

Start planlegging av korleis det kan vere mogeleg for deg å vere tilgjengeleg for pasientar og samarbeidspartar dersom du blir satt i heimekarantene.

Helse Vest RHF vil i løpet av kort tid opprette ei informasjonsside for private helseaktørar, mellom annan avtalespesialistar. Helse Vest RHF har oppretta ei eiga e-post adresse for mottak av spørsmål knytt til epidemien, privat-covid19@helse-vest.no. Spørsmåla vil bli svara på nettsida: <https://helse-vest.no/beredskap>. Vi vil gjere vårt beste for å svare så tidleg som råd, men kan ikkje garantere svar same dag som spørsmålet blir stilt.

Vi legg ved informasjonsbrevet som PSL har sendt til sine medlemmer i Legeforeningen. PSL har i brevet gitt kort informasjon om smittevern, beredskap, tenesteplikt og økonomi.

Helse Vest RHF stadfestar at driftstilskotet ikkje blir avkorta ved fråvær frå praksis ved heimekarantene eller sjukdom på grunn av Covid-19.

Vi legg også ved brevet som Norsk psykologforening sendte til dei regionale helseføretaka. Helse Vest RHF tek det som går fram av brevet til orientering.

Hele Vest RHF oppmodar avtalespesialistar til å ta kontakt med samarbeidande helseføretak for å tilby eventuelt ledig kapasitet under epidemien.

Vennleg helsing

Ola Jøsendal
ass. fagdirektør